



...v buret seks gongar til.

0-1 til 7-1 halvtime

fakta | fotball

3. divisjon, menn

Tornado Måløy - Dale 7-1 (0-1)

Mål: 0-1 (26), 1-1 (59) Øystein Hagen, 2-1 (63) Øyvind Vabø, 3-1 (65) Tore Rylandsholm, 4-1 (67) Endre Rutledal, 5-1 (71) Øystein Hagen, 6-1 (77) Øystein Hagen, 7-1 (92) Per Magne Løken (straffe)

Dommar: Karl Inge Wolff, Hyllestad

Gult kort: Rune Henden, Birger Silden, begge Tornado Måløy. Kennet Vik, Are Gunnar Korsvoll, begge Dale.

Raudt kort: Kennet Vik, Dale (to gule)

Tornado Måløy: P.M. Løken, E. Holvik, R. Henden (88, Tarjei Myklebust), E. Rutledal, Ø. Vabø, S.A. Edvardsen (80, Gisle Myre), B. Silden (85, Eirik Føleide), Ø. Ha-

gen, T. Rylandsholm, E. Kvalheim, E. Rutledal (82, Sveinung Frantzen).agen, 2-1 (63) Øyvind Vabø, 3-1 (65) Tore Rylandsholm, 4-1 (67) Endre Rutledal, 5-1 (71) Øystein Hagen, 6-1 (77) Øystein Hagen, 7-1 (92) Per Magne Løken (straffe)



Kapteinen: Jan-Runar Trandal var tilbake i Selje etter opphald i Bergen. Han leia målskårar Kenneth Pedersen (bak) og resten av Selje til uavgjort mot Fjora.

Tapte to poeng på overtid

Det såg lenge ut til at Selje skulle sikre tre poeng mot Fjora. Eitt minutt på overtid kom ein av mange gode cornerar frå Fjora, og tok to poeng frå Selje.

Håvar Fagerli

fjordenes.tidende@fjt.no
telefon 94279790

Med kaptein Jan-Runar Trandal tilbake på Selje, såg det ut som Selje skulle vinne endå ein heimekamp. Trandal tok fort kontroll over heile bana med både stemme og innsats. Dette smitta over på medspelarane, og det vart lagt ned ein god innsats av heile laget.

– Det er fantastisk kjekt å vere heime igjen. Berre så irriterande at vi ikkje fekk tre poeng. Vi burde vunne denne kampen. Eg tykkjer vi la ned ein god jobb over heile bana, men vi har ei svakheit. Det er at vi ikkje får ned ballen. Ballen vert spelt høgt, og vi misser ballen på framspela. Likevel hadde vi nokre gode framspel frå forsvarsrekka, seier Jan-Runar Trandal.

Tapte på dødball

Fjora fekk mange cornerar mot Selje. Dette utnytta dei godt, men fekk ikkje mål før eitt minutt på overtid.

– Det er dødballane vi tapar på. Etter mi meining produserer ikkje Fjora andre sjansar enn det dei gjer på dødball. Det er også typisk at vi får mål i mot oss på ein corner. Fjora er veldig gode på dødball, og det fekk dei bevist her i dag. Det er sjølv sagt surt å få mål i mot når vi er så nære siger, men vi har greitt uavgjort mot Fjora. Når ein ser på tabellsituasjonen er det i grunnen eit greitt resultat. Men vi burde vunne i dag. Vi spelte betre enn Fjora, seier Seljetrener Ola Hove.

Målet til Fjora kjem som resultat at av at Selje demmar mykje opp på framre stolpe, medan ballen går bak mot bakre stolpe, der Torbjørn Ylvisåker skårar på overtid.

– Vi visste dei var flinke til å skru ballen mot framre stolpe, men det vart ein høg corner. Eg meiner at vi ikkje var ukonsentrerte, men det var sjølv sagt tungt å få eit mål i mot, seier Jan-Runar Trandal.

Selje i føringa

Selje førte mykje av kampen. Angriparane Kenneth Pedersen og Trond Hamre hadde fleire skot på

mål. Etter 39 minutt kjem eit av dei mange gode framspela frå Espen Nøstdal fram til Kenneth Pedersen. Pedersen tek ned ballen, kjem seg gjennom forsvarer til Fjora. Han skyt forbi Fjora-keeper Bjarte Hovland. Selje leiar 1-0.

– Vi førte mykje av kampen. Om det ikkje fotballfagleg var heilt perfekt, imponerte haldningane til spelarane meg. Det var ei positiv vilje i heile laget. Ein merkar også at Jan-Runar er tilbake. Han er grådig flink å snakke gjennom kampen. Men dette smitta over på dei andre òg. Heile laget kommuniserte på ein god måte. Dei løfta kvarandre opp. Dette var med på halde motet oppe, heilt til det stod 10 minutt igjen. På slutten av kampen var vi nok litt trøytte. Sjølv om vi leia, trur eg ikkje vi tok sigeren på førehand. Vi tapte to poeng. Men resultatmessig er uavgjort mot Fjora greit, seier Ola Hove.

■ ■ Werner Kupaen fekk speltid for Selje for første gong denne sesongen. Han har vore ute med skade, og skal opererast seinare i haust. Trener Ola Hove seier at Kupaen truleg ikkje kjem til å kome attende på bana denne sesongen.

■ ■ Selje har fleire 16-åringar som brukar å få mykje speltid. Denne veka deltek dei på Norway Cup, og Seljetrener Ola Hove hadde litt vanskar med å fylle opp laget til kampen mot Fjora.

■ ■ Kaptein Jan-Runar Trandal gjorde ein god figur i comebackkampen mot Fjora. – Eg spelte forvarar i Bergen, så det er litt omstilling til midtbanespelar igjen. Men eg trur det vil gå bra, seier Trandal.

fakta | fotball

3. divisjon, menn

Selje - Fjora 1-1 (1-0)

Mål: 1-0 (39) Kenneth Pedersen, 1-1 (91)

Dommar: Rune Haugland (Haugen)

Selje: O.-H. Losnegard, E. Nøstdal, A. Eltvik, P. Bergesen, G. Osnes, K.A. Otneim, K.E. Aarsheim (75, A. Riksfjord), K. Hove, K. Pedersen, T. Hamre (75, W. Kupaen)